

KARL ATLE TAULE
RADØYVEGEN 1400
5936 MANGER

Dato	22.02.2023
Vår referanse	2023/506-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Godkjenning av teikningar - avkøyrsløse - FV5478 - Vetåsvegen - Alver kommune

Vi viser til e-post mottatt 04.01.2023.

Saka gjeld

Det blir vist til reguleringsplan Bustadområde Haukeland Søndre med planID 12602016000600 i Alver kommune, som har føresegn om at Statens vegvesen skal godkjenne vegteikningar for avkøyrsløse mot fylkesveg 5478 Vetåsvegen. Statens vegvesen sette krav i brev datert 24.01.2018 om svingradius på 9 meter og siktkrav 10 x 72 meter. Vi ser at desse krava er teke i vare i vegteikningane datert 22.06.2021 som er sendt inn, og lagt ved dette brevet.

Avkøyrsløse må vera ferdig opparbeidd og vi skal ha gitt endeleg godkjenning før kommunen kan gje løyve til oppføring av nye bustadar jf. Rekkefølgekrav 2.2.2 i føresegna til reguleringsplanen.

Godkjenning

Vestland fylkeskommune godkjenner med dette dei tekniske teikningane, datert 22.06.2021, for avkøyrsløse frå fylkesveg 5478 Vetåsvegen.

Vidare oppfølging

Når avkøyrsløse er ferdig opparbeidd ber vi om at du tar kontakt på ny for endeleg godkjenning. Vi minner om at avkøyrsløse ikkje er lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsløse kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Teikningar kryss FV5478 Vetåsvegen 107-135